



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 22.11.2017

Sak nr.: 17/7933-5
Internt I.nr. 44671/17

Sak: 110/17

Tittel: **Høyring - Forslag til endringer i vannforskriften og naturmangfoldloven**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er sterkt uroa over at det vert lagd opp til statleg overstyring og «avpolitisering» av vassforvaltninga. Vassressursane er ein felles ressurs og forvaltninga av desse bør ikkje definerast som eit sektoransvar. Dagens organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar. Dette er avgjerande for å nå måla til vassforskrifta.
2. Forskriftsendringa utfordrar intensjonen til Stortinget om at regionreforma skal styrke samfunnsutviklingsrolla til regionane. Det er uheldig at endringar i vassforvaltningsarbeidet vert føreslege før ekspertutvalet til regjeringa får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
3. Ei fråkopling av vassforvaltningsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle aktuelle partar deltek både i planlegging og oppfølging.
4. Det er uheldig at heimelen i plan- og bygningslova om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Sjølv om det vert lagt opp til å vidareføre dette prinsippet i vassforskrifta kan vi ikkje sjå at kommunane er like forplikta til å delta som i dag. Det er ein risiko for at kommunar og regionale styresmaktar i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Fylkeskommunen er uroa over at mindre deltaking og eigarskap til vassforvaltningsplanane kan føre til at det vert vanskelegare å nå miljømåla i vassforskrifta.
5. Fylkeskommune kan ikkje sjå noko effektiviseringsvinst i høyringsforslaget. Det kan verke som målet er å fjerne den politiske dimensjonen lokalt og regionalt. Dette er uheldig i ein demokratisk kontekst.
6. Ein del av grunngjevinga for å endre i vassforskrifta er at det i neste planperiode berre skal gjerast mindre endringar i eksisterande planar. Erfaring tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både å hente inn kunnskap, overvake og forankre tiltak. Vi er uroa over at det no vert lagd opp til eit for lågt ambisjonsnivå.
7. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal vere ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne arenaen er det ein risiko for at arbeidet vert meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskapleg sektorovergripande planar.
8. Arbeidet i vassområda har generert kunnskap og kompetanse og etablert fungerande samarbeidsformer som er viktig å føre vidare. For å sikre fortsatt lokal forankring i må staten gå inn med auka og føreseieleg finansiering av drifta til vassområda. Det er brukt

mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt og det er vesentleg for det vidare arbeidet at denne kompetansen vert verande.